



Rådmannen

## Melding om vedtak

Det kongelige kunnskapsdepartementet

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2011/2848 - 1295/2012	Lillian Torsvik - 55 09 70 61	18.01.2012


### **Melding om vedtak: Uttale til høyring av framlegg til lov- og forskriftsføresegner om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar**

Høyringsframlegget er lagt fram for komite for finans og forvaltning til uttale som har gjort slikt vedtak i saka:

#### **Vedtak i Komite for finans og forvaltning - 17.01.2012:**

1. Komite for finans og forvaltning sluttar seg til departementet sine forslag til endring i lov og forskrifter knytt til barnehagesektoren.
2. Komite for finans og forvaltning meiner det er rimeleg at departementet kompenserer dei ekstra administrative oppgåvene som er tillagt kommunane ved endringar i regelverket for barnehagesektoren dei siste to åra. Den samla økonomiske kompensasjonen gjennom rammeoverføringa bør for Fjell sin del tilsvare om lag 1 årsverk.
3. Komite for finans og forvaltning ber departementet vurdere om endeleg klagebehandling i kommunestyret eller i lokal klagenemnd er ei meir tenleg løysing enn at fylkesmannen er klageinstans. Ved at kommunen er endeleg klageinstans, vil ein ansvarleggjera det lokale sjølvstyret på ein betre måte. Ein vil då også løysa utfordringa med altfor lang tid frå klage vert sendt til saka vert handsama, slik det til no har fungert med fylkesmannen som klageinstans.

Med helsing

  
Lillian Torsvik  
servicetorgsjef